

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 21.01.2005
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og andre myndigheitskrav i perioden 01.12.04 - 14.01.05**

Styresak 1405 pkt. 8

Styremøte 02.02. 2005

Oversikt over nye lovar og lovendingar i perioden 01.12.04 – 14.01.05

Lov	Dato for kunnjing	Kva lova/endinga gjeld	Kommentarar/status
Lov om offentlegheit i forvaltninga	14.01.05	<p>Stortinget vedtok i desember 2004 ny § 4 anna ledd om utsett offentlegheit for dokument som er utarbeid av eller til Riksrevisjonen. Endinga trer i kraft frå 14. januar 2005.</p> <p>Føresegna gir ein generell heimel til å vedta utsett offentlegheit for korrespondanse med Riksrevisjonen. Etter den nye føresegna blir dokument som er utarbeidd av eller til Riksrevisjonen i saker som han vurderer å leggje fram for Stortinget, først offentlege hos forvaltninga når saka er motteken i Stortinget. Etter føresegna er det ei føresetnad for å kunne utsetje innsynstidspunktet at Riksrevisjonen har gjeve forvaltningsorganet varsel om at ein vurderer å leggje saka fram for Stortinget. Forvaltninga vil i desse sakene ikkje ha høve til å utøve meiroffentlegheit.</p>	<p>Helse- og omsorgsdepartementet har i brev av 17.01.05 bedd om at Helse Vest orienterer dei tilsette og underliggjande helseføretak om lovendinga.</p> <p>Kopi av lovendinga med skriv frå Justisdepartementet er utdelt alle tilsette i Helse Vest RHF 20.01.05. Orienteringsbrev til helseføretaka vil bli sendt i uke 4.</p>

Oversikt over nye forskrifter og forskriftsendringer i perioden 01.12.04 – 14.01.05

Lov	Dato for kunngjering	Kva lover/endringa gjeld	Kommentarar/status
Forskrift om individuell plan etter helselovgivinga og sosialtenestelova	06.01.05	Ny forskrift om individuell plan etter helselovgivinga og sosialtenestelova er gjort gjeldande frå 1. januar 2005. Den nye forskrifta er eit ledd i arbeidet med å harmonisere regelverket i helse- og sosialtenesta. Forskrifta vidarefører innhaldsmessig den tidlegare forskrifta om individuelle planar etter helselovgivinga.	

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og Omsorgsdepartementet i perioden 01.12.04 – 14.01.05

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Vurdering av regional opptrappingsplan for psykisk helse – plan for Helse Stavanger HF	13.12.04	Sjå eigen sak under administrerande direktør si orientering
Rapporterings skjema for psykisk helse	13.12.04	Det er i samarbeid med dei regionale helseføretaka utarbeidd eit endra rapporterings skjema som er betre tilpassa dei rapporterings- og dokumentasjonsbehov som følgjer av Opptrappingsplanen. Skjemaet skal nyttast for rapporteringa for 2004.
Opne styremøte	23.12.04	HOD har med bakgrunn i ei førespurnad frå Hålogalandssykehuset HF utarbeidd ein vurdering av om bruk av ”styreseminar” i føretaket er i strid med gjeldande regleverk. Då spørsmålet kan ha relevans for andre føretak, er brevet sendt i kopi til dei regionale helseføretaka. I vurderinga blir det mellom anna peikt på at målsetjinga er at styremøta skal vere opne, og at det er viktig at kravet om openheit ikkje blir uthula eller omgått ved at arbeide i styret blir lagt til andre fora enn sjølve styremøtet. Kopi av brevet følgjer saksdokumenta under skriv og meldingar.
Vedrørande ivaretaking av ”sørgje for”-ansvaret innanfor luftambulansetenesta	05.01.05	Bakgrunn for saka er to hendingar kor Helse Nord RHF ikkje har vore i stand til å ivareta ”sørgje for”-ansvaret innanfor luftambulansetenesta. Med bakgrunn i desse to sakene påpeiker HOD at ”sørgje for”-ansvaret i den einskilde region ikkje er godt nok tatt i vare med dei løysingar som er etablerte. RHFa blir bedd om i fellesskap å gjennomføre ein risiko-/sårbarheitsanalyse knytt til

		<p>ivaretakinga av "sørgje for"-ansvaret med omsyn på denne tenesta. Analysen skal omfatte kva krav som blir stilt til "back-up"-ressursar i kontakten med dei respektive operatørselskapa for at ansvaret blir ivareteke på forsvarleg måte.</p> <p>Rapport skal sendast HOD innan 4. februar 2005, og arbeidet skal koordinerast av Helse Nord RHF.</p>
Bestillardokument 2005	11.01.05	Oversending av bestillardokument for 2005. Sjå eigen sak.
Bestillardokument 2005	19.01.05	Orientering om at det ved ein inkurie er to feil i bestillardokument 2005. Feila vil bli retta opp i trykkt versjon som vil vere klar i uke 4.
Føretaksmøtet 17. januar 2005	19.01.05	Protokoll frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF 17. januar 2005 er motteke. Sjå eigen sak.